



SAKSFRAMLEGG

--	--	--

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Rikke Haagensen		23/1268

Søknad om midlar frå Dale Eigedom AS.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at søknaden vert positivt handsama og at FPØ innvilgar eit tilskot til satsinga.

Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren har motteke vedlagte søknad frå Dale Eigedom AS. Det ligg utanfor Kommunedirektøren sine fullmakter å innvilge ein søknad i denne storleiken. Samstundes meiner kommunedirektøren at det vil vere feil å avslå søknaden utan å handsame den.

2 vedlegg

- 1) Søknad frå Dale Eigedom AS. «Tilskudd i forbindelse med tilrettelegging av nye aktiviteter og arbeidsplasser i Dale Eiedom AS»
- 2) Budsjett for åra 2023og 2024.
Samt påløpte kostnader pr.8.september2023

Saksutgreiing

Det kjem fram av vedlagt søknad både bakgrunn og historikk. Dale Fabrikker var ein viktig, truleg den viktigaste, faktoren til framveksten av Dale samfunnet. Då teko-industrien endra seg utover 60- og 70- talet vart og rammene for Dale Fabrikker AS og i neste omgang Dalesamfunnet endra. At nye eigarar overtek og ynskjer å satse vidare på Dale finn kommunedirektøren positivt. Kommunedirekøren har tru på at Dale Eigedom AS både kan skape arbeidsplassar og «ny giv» i Dale samfunnet.

Som det går fram av vedlagte ligg det føre planar for aktivitet, og kommunedirektøren vil tru at desse vert realisert. Kor mange arbeidsplassar dette vil føre med seg er det vanskeleg å spå om, men slik søknad og planar ligg føre vil det overveiande sannsynleg føre til sårt tiltrengte arbeidsplassar på Dale og i Vaksdal kommune

Det har vore nokre samarbeidsproblem mellom «fabrikken» og lokalsamfunnet dei seinaste åra. Kommunedirektøren opplever no betre tilhøve for samhandling og har vore tydeleg i høve ny eigar at ope og positivt samarbeid er forventa i tida frametter. Det er utfordrande å drive næring tett på bustader, men ikkje umogeleg om ein legg til rette for god kommunikasjon. Dette føreset kommunedirektøren og set som premiss for handsaminga og vidare prosessar.

Denne søknaden har eit slikt omfang og storleik at den ikkje kan gå til Næringsfondet. Difor sender kommunedirektøren den til FPØ.

Søknaden kunne vore sendt VNS, men då den felle utanfor Næringsfondet. Vidare har ein storleik langt over det VNS handsamar, velger kommunedirektøren å sende den til FPØ. Vidare handsamer ikkje VNS lengre søknadar om midlar slik dei tradisjonelt har gjort.

Dette er ei spesiell sak, som kan skape uheldig presedens for næringsatsingar i kommunen, i framtida. Saka kan og skape høge forventningar for tilskot for anna næring satsing i kommunen. Når kommunedirektøren likevel legg fram saka og innstiller positivt heng det saman med eit uttalt ynskje, både politisk og administrativt, for satsing på næring og fokus på Dale som sentrum i kommunen.